


Bygdabladet

for BOKN



Bokn Seafood AS etablerer krabbe-mottak i Knarholmen.
Les meir s. 4



Skulen si juleavslutning 2005 var nr. 20.
Les meir s. 14



Slaget mellom Olav Haraldsson og Erling Skjalgsson skal ha gått føre seg ved Are
21.12.1028. Les meir s. 18



RDFØRAREN RDET

Først godt nytt år alle saman!

I 2005 har 2751 stk. vore på Boknafjellet og skrive seg i Boka. Det er ny rekord og viser at mange tar turen til Bokn for å nyte utsikten og ta seg ein tur ut i friluft.

Tradisjonen tru har me trukke ut to vinnarar av eit krus frå Bokn kommune og det blei **Brit Holberg** og **Elly Borgenvik**. Førstnemnde var også ein av vinnarane i 2004.

Eg er sikker på at Bokn kan få igjen for å satse på fleire tiltak for at folk skal bruke naturen meir enn i dag. Bokn kjem på kartet og me får markedsført oss, kan tiltrekke oss mulige etablerarar og det er helseførebyggande for oss alle. Reiselivsnæringen vil og ha stor nytte av slike tiltak. Eg ser derfor fram til at prosjektet "Ta Boknanaturen i bruk" skal lykkast.

Kolumbus

Frå nyttår av fekk me ny aktør for bussrutene på Haugalandet. For Bokn blir det ikkje dei store endringane, men eg har skrive brev til Kolumbus og bedt dei gjere bussruta om morgonen til Aksdal/Haugesund permanent og ikkje slik som nå at den berre skal gå på skuledagar. Eg har også bedt om at nattbussen må kjøre til Foresvik når der er passasjerar til Bokn.

Fylkestannlegen

Som de og veit så har Fylkestannlegen vore nødt til å stenge tannlegekontoret på Bokn for ei stund p.g.a. mangel på tannleger. Eg har vore i kontakt med Fylkesordføraren og Fylkes

tannlegen for å sjå på løysingar. På kort sikt blir det prøvt å få til avtale med private tannleger. Samtidig søker ein etter tannleger, men ved sist utlysing var det ingen søkerar. Ein prøver og å få fatt i utanlandske tannleger. Får høpe nokre av tiltaka kan lykkast, men det kan ta litt tid.

Konsekvensutredninga

Arbeidet med konsekvensutredninga om kommunesamanslåing med Tysvær pågår for fullt og skal være ferdig 1/3.

Formannskapa er og enige om å sende ein søknad til Kommunaldepartementet om støtte på kr. 44 mill. kroner til å dekke eingongskostnader og til infrastrukturtiltak som utbygging av breiband, vassverk, gang- og sykkelstiar og kommunale vegar.

Det blir spennande å sjå kva svaret på søknaden blir.

Kommunalministeren har jo gått ut og sagt at dei ikkje vil stimulera til kommunesamanslåingar. Kommunar som allereie er i ein prosess vil kunne få midlar, det har statssekretæren bekrefta at Bokn og Tysvær kan få.

Båtplasser

Det er svært viktig at innbyggjarane på Bokn, om ønskjeleg kan få båtplass, og derfor har formannskapet løyva kr 100 000,- i tilskot til Bokn båtforening til utbygging av båtplassar. Formannskapet trur og at det kan vere eit godt tilbod for å trekke folk til Bokn.

Svein Ove

Ny kommunelege i Bokn

Gunn Grønnestad

Som dei fleste innbyggjarane kjenner til, har Bokn og Tysvær ein avtale om lege- og legevaktsamarbeid. Den inneber m.a. at Bokn skal ha 60 % stilling som lege, altså 3 dagar pr. veke. Sidan Elisabeth Mattson berre er i Bokn 2 dagar, har vi i vel eit år hatt for låg legedekning til å utføre oppgåvene som ligg i den formelle kommunelegedelen.

I tillegg sökte Bokn om dispensasjon frå lovkrav om at kommunelegen skulle vere tilsett direkte i kommunen. Denne søknaden fekk vi avslag på frå Sosial og helse-departementet.

Det var difor fleire grunnar til at vi var på utkikk etter ein lege som kunne tilsetjast i 20 % stilling som kommunelege direkte i Bokn.

Det er gledeleg å kunne informere om at nå har vi funne denne personen, og frå nyttår starta han sitt arbeid som kommunelege i Bokn. Han heiter Erling Åserud, og er fødd og oppvaksen i Haugesund. Han bur nå på Susort, kor han har aner frå, sidan den eine tippoldefaren stammer derifrå.

Åserud er utdanna ved universitetet i Bergen, og tok eksamen 1979. Han har lang erfaring frå privat legepraksis, skule/helsestasjonsarbeid og tilsynslegearbeid ved sjukeheimar i Bergensområdet. Han er spesialist i allmennmedisin frå 1992. I tillegg har han

**Erling Åserud,
gammal
fotballspiller frå
Djerv 1919 – nå
kommunelege i
Bokn.**

erfaring frå
førebyggande
medisin med
vekt på røyke-
avvenning,
kreftomsorg
og psykiatri.
Det er med
andre ord ein
kunnskapsrik
og allsidig
kommunelege
vi får i
kommunen.



Foto: JH

Åserud er glad i fjellet. Han går gjerne lange fjellturar, og likar å sykle. Boknafjellet omtalar han som ei perle som vert ofte besøkt.

To legar

For at ikkje mistyding skal oppstå, kan nemnas at Elisabeth Mattson framleis er fastlege her, og har sine to dagar i Bokn med pasientmottak. Det er den offisielle kommunelegedelen, helsestasjonen og tilsynslegedelen ved sjukestova Åserud har ansvaret for.

Kommunesamanslåingsprosessen: Nye signal frå kommunalministeren

Reidar Alvestad

Kommunalminister Åslaug Haga spenner fullstendig fot framfor kommunalministeren i den forrige regjeringa, Erna Solberg, når det gjeld synet på kommune-Norge.

I eit intervju i Aftenposten 8. januar i år seier ho rett ut at det er slutt på å lova bruer, vegar, og breiband til kommunar om dei slår seg saman, slik det vart gjort i den forrige regjeringa. Åslaug Haga snur heilt om i forhold til Erna Solberg, og seier det er mange fordele med små kommunar.

Meir pengar

I den utreiingsprosessen som nå foregår i forhold til ei eventuell kommunesamanslåing mellom Bokn og Tysvær, er desse nye signalene interessante. For det er ikkje berre det at kommunalministeren meiner at det er svært lite å tena på å slå seg saman til store eininger.

Ho lovar også at den nye raudgrøne regjeringa vil auka overføringa av pengar til kommunane ytterlegare i 2007. Den ekstra overføringa som også for Bokn kom så godt med i 2006, skal

altså aukast i 2007. Det store løftet i 2006 er berre eit skritt på veggen, seier ho. Ho hevdar at kommunane har vore sveltefora i fleire år, og at det nå vil koma ein økonomisk opptrappingsplan over fleire år.

Folkestyre

Kommunalminister Åslaug Haga viser til at det i den forrige regjeringa vart sett i gong eit stort arbeid for å stimulera til samanslåing av kommunar. Det vart brukt masse pengar på konsulentar utan at det ga resultat. Ho meiner at realiteten er at folk ikkje ynskjer samanslåing. Ytterst få kommunar har valt å slå seg saman, seier Haga.

Ho hevdar også at det er svært lite å tena på samanslåing, og at det er skapt unødige forventningar om økonomisk gevinst. Norske kommunar brukar mesteparten av pengane på tenester, skule og omsorg. Ho seier at den delen som går til administrasjon, er så liten at det knapt er pengar å spara på større eininger.

Åslaug Haga framhevar også små kommunar som viktige for folke-

styret. Nærleik mellom folk og dei som fattar vedtaka. Ho er også grunnleggande usamd med Erna Solberg om at kommunane er lite effektive, og vil synleggjera alt det positive i kommune-Norge.

Held lovnaðar

Kommunalministeren seier til Aftenposten at ho ikkje vil gå tilbake på forgjengaren sine lovnaðar. Dei kommunane som er lovde pengar for å gå saman, skal få dei pengane. Frivillige samanslåingar har ho ingenting imot.

Nye tonar

Det høyrest ut som det er snudd opp/ned på Erna Solbergs politikk i kommunaldepartementet. Det skal ikkje brukast tid og pengar for å få kommunar til å slå seg saman, for byråkratane der skal heller koncentrera seg om å kanalisera pengar inn i næringsutvikling i distrikta. Senterpartileieren seier at dei skal ta tak i småsamfunn og framelska kreative idear for næringsverksemd og kultur. Konkurranseutsetjing og privatiseiring innan skule, helse og omsorg vil heller ikkje SP-leiren ha noko av.

Frø formannskapsmøtet 03.01.2006

Sak 002/06

Søknad om tilskott til infrastrukturtiltak og dekning av eingongskostnader i samband med kommunesamanslåing av Tysvær og Bokn.

Formannskapet sitt vedtak:

Søknad om tilskott til infrastrukturtiltak og dekning av eingongskostnader i samband med kommunesamanslåing av Tysvær og Bokn blei godkjent med følgjande endring: Tiltak 3 om "Vassverk" blir nytt tiltak 2.

Sak 003/06

Søknad om tilskudd til utbygging av båthavn i Kanholmen.

Vedtak:

Bokn formannskap viser til vedlagte søknad av 22. desember 2005 og vedtek å løyve kr.

100.000,- til Bokn Båtforening som eit kommunalt tilskott til utbygging av båthavn i Knarholmen. Det gis signal frø formannskapet at medlem frø Bokn skal prioriterast når det gjeld tildeling av båtplassar.

Sak 004/06

Godkjenning av leigeavtale av industribygg.

Formannskapet vedtok:

Det blei vedtatt fremlegg til avtale om utleige.



Skapar nye arbeidsplassar

Reidar Alvestad

Bokn Seafood AS etablerer krabbemottak i Knarholmen.

For eit par år sidan gjekk Bokn Fiskemottak i Knarholmen konkurs, og 21 arbeidstakarar mista arbeidet sitt. Av desse var 9 busette i Bokn. Dette var eit stort tap av arbeidsplassar i Bokn, noko som sannsynlegvis har vore med og sendt talet på arbeidslause i vår kommune på topp i nordfylket.

I etterkant av dette har Grieg Seafood oppretta landbase i bygget, og det siste nye er at Svein Ove Alvestad saman med broren Espen skal starta krabbemottak i dei gamle produksjonslokala til Bokn fiskemottak. Dermed blir heile bygget tatt i bruk.



Bygningane til tidlegare Bokn Fiskemottak slik dei ligg i dag. Plasthallen t.v. på kaien skal fjernast.

Tar i bruk det meste

Espen Alvestad blir heiltidstilsett i den nye bedrifta, og dagleg leiar. Han seier til Bygdabladet at Bokn Seafood og Grieg skal dela nåverande kontor i to deler, slik at dei får kvar sitt. Også når det gjeld garderober og andre bruksområde vil dei gå inn på samarbeidsavtale med Grieg. Men produksjonslokala som blir den viktigaste delen for krabbemottaket, skal dei ha for seg sjølve.

Det er nå tomt og reingjort for dei gamle produksjonsinstallasjonane. Opplegget i den nye bedrifta vil bli liknande som i fiskemottaket med eit slusesystem og såkalla "rein" og "skitten" sone. Før produksjonen startar opp, sannsynlegvis i april, vil Mattilsynet godkjenna lokala.

Ein automatisk oppdelingsinstallasjon for krabbe er nå sett inn i produksjonshallen. I prosessen med foredling av krabbe vil denne bli mata med rå krabbe som blir oppdelt i klør, krabbeføter, stø og skal. Etterpå blir desse delene kokt kvar for seg før dei blir automatisk rensa (utblåst) for krabbekjøt som skal fyllast i skal, pakkast og kjølast før det skal ut i butikkane. Den nye bedrifta vil dela av det nåverande kjølerommet, då dei ikkje har behov for så stort kjøleareale som står til rådvelde i dag.

I høgsesongen frå april til desember vil det og bli produsert garantert kokt krabbe som berre er opna for å sjå om han har tilstrekkeleg mat til å seljast som garantert vare.

Deltidsarbeid

Espen Alvestad seier at dei reknar med at 3 - 5 arbeid-



Slik er produksjonshallen der det nå skal forelast krabbe i staden for laks.

stakarar kan bli sysselsette ved den nye bedrifta. Høgsesongen er frå mai til desember, og dei reknar at produksjonen då vil kunna gå 3 - 4 dagar i veka. Ved oppstarten med prøveproduksjon vil dei ikkje kunna sysselsetja så mange. Arbeidstilhøva blir mykje lik anna arbeid i fiskeindustrien i og med det dreier seg om ei ferskvare som er haldbar opp til 4 døgn etter produksjonsdato.

Alt nå har vore folk som har spurt etter arbeid etter at dei har hørt om bedrifta som skal etablerast.

Utstyr frå Vest Krabbe AS

Produksjonsutstyret til den nye bedrifta er kjøpt hos konkursboet til Vest Krabbe i Sveio, som la ned produksjonen i fjar sommar. Dei har også kjøpt konsulenthjelp frå denne bedrifta, både når det gjeld sjølve produksjonen og korleis ein kan koma seg inn på marknaden. I tillegg er det gjort leigeavtale med Bokn kommune som eig produksjonslokala.

På grunnlag av ein start kor dei har kome relativt gunstig til produksjonsutstyr og at dei ikkje har investert i nye lokaler, meiner Espen Alvestad at forutsetninga for å få noko til burde vera rimeleg bra.



Espen Alvestad ved sida av produksjonseininga som deler rå krabbe i 4 ulike deler.

Marknad

Ei viktig brikke opp i det heile er å koma inn på marknaden og få tilgang og avtalar med kjedar og butikkar. Pr. i dag har nok dei fleste butikkjedane leverandørar. Ei ny bedrift må difor i ei tid kor dei driv prøveproduksjon koma seg ut og marknadsföra produktet ovafor potensielle kundar med smaksprøvar. Espen Alvestad seier at det vil vera kvalitet på produktet deira som vil bli avgjerande, også med tanke på å få heilårsleveranser. Det vil bli ei stor utfordring å koma inn på marknaden. Han reknar med at prøveproduksjonen vil foregå i april dette året.

Bedrifta må satsa på å få ein marknad i heile fylket, i tillegg til at dei må prøva å få leveranser austover.



Nærbiilde av den automatiserte produksjonseininga som kuttar krabben i 4 ulike produkt. "Skålene" viser kor krabben blir lagt før han går vidare på bandet og blir oppdelt.



Dagleg leiar Espen Alvestad sit på kontoret som dei skal nytta. Det skal lagast ein vegg til Grieg sitt kontor t.h. på bildet.

Lokale fiskarar

Den nye bedrifta har alt hatt kontakt med lokale krabbefiskarar som er interesserte i å levera krabbe. Det blå påbygget av plast som står på kaien skal fjernast, og krabbemottaket reknar med at dei her vil ha ein sjølvbetjent kjølecontainer for levering av levande krabbe frå leverandørar.

Espen Alvestad seier at dei økonomisk har som mål å gå i balanse dette første året. Dei satsar på ein produksjon på 50 tonn årleg som vil tilsvara 2 mill. kroner i omsetnad. I full produksjon reknar dei med 2000 krabbar pr. dag. Det er krabbe dei satsar på, og dei har pr. i dag ikkje konkrete planar om anna råstoff eller andre produkt.



Kommunal informasjon



Energieffektiv oppvarming



I Servicetorget på Boknatur kan du få ulike brosjyrer om alternativ oppvarming, utgitt av Enova.

Statsforetaket Enova SF, som Olje- og Energidepartementet eig, er etablert for å fremja ei miljøvennlig omlegging av energibruk og energiproduksjon i Noreg.

Det skal bli lettare å velja enkle, energieffektive og miljøriktige løysingar for alle som ynskjer det.

Heile 11 brosjyrar gir deg tips og råd om energieffektiv oppvarming. Her har du høve til å gjera noko med gamle straumvanar, tenka nytt, på m.a. å redusera energibehovet til bustaden.

Du kan lesa om varmestyringsanlegg, varmepumper, biobrensel, trepelletsaminar og trepelletskjeler, m.m.

Du kan også gå inn på www.enova.no

Enova sine 4 skritt mot lågare straumrekning:

- Første skritt er å redusere oppvarmingsbehovet i boligen. Det gjør du først og fremst gjennom bedre isolasjon og redusert varmetap fra vinduer og dører.
- Deretter bør du sørge for gjenbruk av varmen gjennom effektive luftevaner og bedre ventilasjonssystemer som slipper inn frisk luft uten å slippe ut varmen.
- Neste skritt er bedre styring av oppvarmingen. For eksempel med et sentralt varmestyringssystem som du programmerer til å slå varmen på og av og regulere temperaturen etter døgnrytme og bruk av boligens rom.
- Først når dette er på plass, oppnår du maksimal gevinst av å investere i alternative oppvarmingsløsninger som pelletskamin og varmepumpe, som begge bruker mindre strøm uten å redusere komforten.



Ny giv i Skyttarlaget

Jardar Havikbotn

Leirdueskyting og skyting med luftpistol/gevær er blant Bokn skyttarlag sine planar.

Laget er på veg opp av ein bølgdal. I tillegg til styre-veteranane Edgar Våge (leiar), Arvid Sæbø og Ronny Taraldlien har det kome inn nye og entusiastiske folk; Fredrik Faye, Bjørnar Bryningsland og Håvard Hetland.

"Håkonshallen"

Sistnemnde seier til Bygdabladet at dei no skal leiga 2. etasje i "Håkonshallen" hos Andreas Nemeth på Håland, og arrangera luftpistol/geværskyting der. Dei har planar om to samlingar i månaden. Det blir også sal av pølse i brød, chips, brus og kaffi. Aldersgrense blir 9. klasse. Oppstart var 6. februar.

Leirdueskyting

Skyttarlaget vil også tørka støv av leirdueskyte-apparatet som blei kjøpt inn på 1970-talet, og inviterte til slik skyting på skytebanen på Gunnarstad sundag 5. februar.

- Viss det blir stor interesse for dette vil me prøva å få te to tre skytedagar før sommarferien, avsluttar Håvard, som kan kontaktast for meir info på tlf. 90 51 87 74 - eller Arvid Sæbø på tlf. 90 51 59 10.

Arvid fortel om nye ungdommar som vil ta Jegerprøven og gler seg over at rekrutteringa er betre enn på mange år. Målet er sjølv sagt å få nok påmelde til Jegerprøvekursset slik at dette kan arrangerast i Bokn. Og så den nye skytebanen, då - sjølv sagt.

Edgar opplyser om at fornyinga av søknaden er under kontroll og set sin lit til at "tredje gongen gjelde det".

Bygdabladet har tidlegare vore inne på at fleire ting tyder på at prosjektet i Tverrdalen får støtte i år. Det får me veta i

Styreleiar Edgar Våge kan glede seg over ny giv i Bokn skyttarlag. Her med skytebane-konsulent Rolf Yngve Stenhaug.



Håvard Hetland (liggande) og Arvid Sæbø ynsker velkommen til Leirdueskyting på Gunnarstad.

juni, og dersom det blir byggestart til hausten vil dette for alvor skyta fart i aktiviteten.

Publisert 09.01.06



Rockebandet "Lethal Injection" skal representera Bokn i Fylkesfinalen 18. og 19. mars med låten "Fade to black".

Jardar Havikbotn

Ungdommens kulturmønstring (UKM) opplever ein nedgang på landsbasis, og det går også lenge mellom kvar gong boknarar er med. Bokn har ein avtale om å få vera med på Tysvær si lokale mønstring dersom det ikkje er grunnlag for å arrangera dette sjølv, slik me gjorde for ein del år tilbake.

Samarbeidspartner Johnny Pedersen ved kulturkontoret i Tysvær, som også er fylkeskoordinator for UKM i Rogaland, fortel til Bygdabladet at deltakarane frå Bokn representerer Bokn kommune, og ikkje Tysvær, sjølv om det var der dei opptrådte. Og dermed går dei automatisk vidare til Fylkesmønstringa (sidan det var einaste innslag frå Bokn), som også skal vera på Tysværtunet i år (annakvart år Tysvær - Sandnes)

Pedersen presiserer at bandet gjorde ein god figur.

- Ungdommene er flinke å spille. Der de har



Wolfgang B. Ognøy, René Alvestad, Tommy Øvrebø og Henrik Nilssen skal representera Bokn i Tysværtunet 18. og 19. mars.

forbedringspotensiale er på sceneopptreden; det å underholde og kommunisere med publikum, vise at de liker å utøve musikk avsutter dansken.

Og det skulle ikkje vera så vanskeleg å retta på fram til Fylkesmønstringa.

Bygdabladet ynskjer lukke til!



Gratiale

Jardar Havikbotn

Under juleavslutninga for kommunalt tilsette 21.12 i fjor delte rådmannen ut gratiale for 15 og 25 års teneste.

Jan Erik Nygaard heidra fv. på bildet Dag Halvorsen, Astrid Sollid, Tone Børgesen og May Elisabeth Alvestad for lang og tru teneste i Bokn kommune. Alle har jobba i kommunen i 15 år.

Lindy Haram, Inge Birkeland og Ranveig Nygaard fekk også påskjøning for å ha arbeiddt lenge i kommunen. Dei to førstnemnde for 25 år og sistnemnde for 15 år. Desse var ikkje til stades då bildet blei tatt.

Hendinga blei som vanleg pakka inn av ein velsmakande julelunsj, julepakkar og drøsetid.



Informasjonsbrosjyre

Hans Faye

Statoil har utarbeidet en brosjyre om sikkerhet og beredskap ved Kårstø prosessanlegg.

Brosjyren er tilgjengelig i kommunens servicetorg.

Fra brosjyren:

Når en gasslekkasje er varslet må følgende tiltak iverksettes:

Dersom du er utendørs

- Søk ly i nærmeste hus og bli der, forhold deg til punktene for opphold innendørs.

- Husk at gass sprer seg med vinden, beveg deg på tvers av vindretningen.
- Unngå bruk av bil. Bilen kan være en tennkilde.
- Dersom det ikke er mulig å komme innendørs, unngå lavliggende områder.

Dersom du er innendørs

- Lukk dører, vinduer og ventiler, steng ventilasjonsanlegg med inntak av friskluft. Et lukket hus er en god "gassmaske".
- Lytt på radio NRK P1 FM 93,5.
- Forhold deg til meldinger som blir gitt av politiet eller redningsledelsen gjennom media eller direkte.

I en faresituasjon kan telefonnettet lett bli overbelastet. Unngå derfor å bruke telefonen unødvendig.



Kurs for eldre: lær å bruka mobiltelefon

Eldrerådet i Bokn i samarbeid med Bokn skule vil torsdag den 16. februar fra kl. 08.30 - kl. 11.00 gi eit tilbod i opplæring og trening i bruk av mobiltelefon.

Mange som har mobiltelefon, kan ha litt vanskar med korleis dei kan bruka han for å ha skikkeleg utbytte av både å ringa, senda og motta tekstmeldingar, og alt det andre du kan bruka han til.

Dette kan pensjonistar og andre få opplæring i ved å møta opp til kurset torsdag den 16. februar.



Rutiner ved faste ungdomsarrangement

Jardar Havikbotn

KOMMUNAL VASK

I formannskapsmøtet 31. januar opna politikarane for kommunal vask av Kyrkjebygda skule i samband med Petra fritidsklubb sine arrangement, men det er framleis intensionen at brukarane sjølve skal stå for det faste reinhaldelet.

Bygdabladet vil koma med meir informasjon i neste utgåve.

BUSSTRANSPORT

Det vil framleis gå buss frå Aksdal til Bokn skule etter H@ll of Fun-arrangementa i Tysværtunet. Denne går kl. 00:10, rett etter at ungdomsarrangementet er slutt og kostar kr. 20,-



Ny bok av Jone Laugaland:
FJORDABÅTANE
 Rutebåter, ferjer og hurtgbåter i
 Rogaland 1955-2005



Trafikken på sjøen har gjennomgått store forandringer de siste 50 årene. Tradisjonelle fjordabåter er erstattet med nye ferjer. Fjordferjer ble skiftet ut med pendelferjer. Hydrofoilene er historie, westamaranene likeså. Noen av fartøyene var sensasjoner i samtida, mens andre var små og umoderne fra første dag.

De gamle fjordabåtene i Rogaland lever ennå sterkt i minnet til alle som var avhengig av båtene som bindeledd med verden utenfor.

Du kan låne boka på Bokn bibliotek

n»blei llona«

JØRN SVEI TILBAK «BOKN» SATURDAG

Akten Bokn føremøte med tilsendte ferje - Bokn - lørdag 20. juli området også dampskipstrafikk i Norge. Etter hvert som folk begynte å komme tilbake til Gullhaugen.

Høste 1955. Bokn - dampskipet på



Etter hvert som folk begynte å komme tilbake til Gullhaugen.



Etter hvert som folk begynte å komme tilbake til Gullhaugen.

Årets mest berømte bok var også en bok om bok: «Bokn» fra 2005.

Årets mest berømte bok var også en bok om bok: «Bokn» fra 2005.

Årets mest berømte bok var også en bok om bok: «Bokn» fra 2005.

I denne boken får du historien og fakta om hver båt, og møter noen av dem som jobbet om bord.

Stor speidaraktivitet i 2005

Leiv Våga

Boknaspeidarane hadde eit aktivt år med mykje friluftsliv i 2005.

Dette kom det fram på årsmøtet som vart halde på Bokn bedhus den 10. jan., kor 21 leiarar og ungdomar hadde møtt fram.

Kvelden byrja med eit godt måltid. Deretter vart årsmelding og rekneskap gått gjennom. Så vart programmet for 2006 diskutert og budsjett laga. Eit par høgdepunkt det komande året vert krinsleir for ulv og meis på Blikshavn i mai og landsleiren Røros-06 for speidarane i august.

Valet mot slutten av møtet gav dette resultatet:
Svanhild Alvestad vart ny gruppeleiar.

I avdelingane held hovudleiarane fram -
May Jorunn Vatnaland Speidartropp
Leiv Våga Ulve- og meiseflokk
Merete Alvestad Ekornspeiding

Desse er også med i styret, som elles består av
Magne Ognøy
Ellen Nedrebø
John Øvrebo
Helge Kristian Nilssen (vara)
Tommy Øvrebo (vara)



Årsmelding for 2005

Medlemsutvikling:

Me hadde ein svært fin framgang i 2005. Det var familie-speidingsa som vart starta som var årsaka til den største auken, men trenden var god elles i foreininga og.

Speidargruppa arbeidar nå i tre avdelingar, nemlig ekornspeidning (familiespeidning) 0 - 7 år, ulve/meiseflokk 8 - 10 år, speidartropp 11 - 16 år.

Medlemmer i 2005 (tala for 2004 i parentes)

Speidartropp	27	(22)
Ulve/meiseflokk	17	(21)
Familiespeidning	44	(0)
både barn og foreldre er medlemmer		
R/R (ungdomar 16 - 24 år)	12	(8)
Vaksne leiarar og støttemedlemmer	22	(21)
Totalt	122	(72)

Friluftslivets år

Stortinget vedtok at 2005 skulle vera friluftslivets år. Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO) fekk ansvaret for gjennomføring. KFUK-KFUM-Speiderne, som er medlem av FRIFO, la til rette med eigne program for friluftsliv i lokalmiljøet. Mellom anna utikla dei eit opplegg med aktivitetsmerke som både speidartropp og ulv/meis hadde stor glede av.

Mest alle møtene vart haldne ute i skog og mark og strender. Speidarpatruljene har mellom anna vore ofte i Vatnlandsvatnet og padla kano. Ulv/meis har i tillegg til skogen sin vore både i Oksebåsen, Boknaberg og Loten.

Me har sjølv sagt tenkt å halda fram med friluftsopplegga også i 2006.

Speidartroppa sine aktivitetar

18 patruljemøte - 6 førarpatruljemøte - 7 troppsmøte/arrangement - troppstur til Vågholmen, troppstur/kanopadding på Lutsivatnet i Sandnes og troppstur til Rønningen - deltaking i 2 gudstenester.

Ulve/meiseflokken sine aktivitetar

15 vanlige ulve/meisemøte - 1 tur - 1 leir - 4 arrangement saman med speidarane - deltaking i 2 gudstenester.

Ekornspeidninga

Ekornspeidarane har hatt samling ei sundag i månaden (unntatt i ferietida), 9 samlinger totalt. To gonger har dei vore ved nærmiljøanlegget på Fyren, to gonger på skogstur på Alvestad. Dessutan har dei vore på krabbefiske, på tur til Vågholmen, på fjellet på Austre Bokn, og så har dei hatt ein sporleik. Opp til 40 stk. har møtt fram, gjennomsnittet har lege på ca. 20.

Andre møte i gruppa

Årsmøte og 3 stk. planlegging/styremøte.

Nokre høgdepunkt gjennom året:

Juletrøfest i skogen

var starten på speidaråret, eit arrangement m/familiar som samla ca. 60.

Speidarbasaren

var den neste store samlinga med stappfullt bedehus og godt resultat.



Gudstenesten

med speidarprosesjon og løftefornying i mars var ei fin oppleving.

Kampen om Vikingskipet

i april var som vanleg svert populær – konkurransen samla over 100 speidarar og ca. 40 leiarar

17. Mai

hadde me igjen den populære karusellen og taubanen.

Småspeidrararleir

for hele krinsen på Blikshavn 28.mai. Der vart jentene fra Bokn nr. 3 og gutane nr. 4 i krinsmeisterskapet.

Troppstur til Vågholmen

i slutten av mai hadde god oppslutning.

Jonsokfeiringa i Ognahabn

føregjekk i opphaldsvår dette året – ca. 100 personar møtte.

Kanotur på Lutsivatnet

i august hadde 20 deltararar. Det var fint summarvêr, og turen gav gode naturopplevelingar.

Speidarane sin dag

28. august var starten på speidaruhausten for speidartropp, ulv/meis og ekorn. Nærmiljøanlegg på fyren var eit glimrande stad for slikt arrangement. Ca. 150 med stort og smått var samla til skjemt og alvor og leik og løyje

Ulve/meisetur til Rønningen

i oktober føregjekk i storm og regn. Men det la ikkje nokon dempar på humøret. Kjempekjekk tur. To stk. foreldre, Anne og Ingunn, stilte som svert gode hjelparar.

Troppstur til Rønningen

i november føregjekk i fint haustvêr.

Lysmessa

på første sundag i advent var fin og stilfull. Svert godt frammøte av speidarar med familiarar.

Juleavslutninga/grautfesten

samla ca. 110. Utlodding gav over 3000 kroner til forbundet sin kalenderaksjon og Globalaksjonen (hjelpeprosjekt i uland). SR-Bank dekka utgiftene til festen dette året og.

Juletrefesten

4. sundag i advent, som sundagsskulen før hadde ansvaret for, var det ekornspeidaren som stod for i år. Gild fest med stappfullt bedehus.

Ymse

Pengane me fekk av SR-Bank Bokn i 2004 vart brukt til å skifta vindauge og kledning på den vestre veggen på speidarhuset. Bernt og Helge Kristian og Trond og Trond gjorde ein kjempenfin jobb. Skryter me nok av dei, tek dei gjerne den nordre veggen neste år? Ein komite er i arbeid med planlegging av ei "ansiktsløfting" inne i huset.

Takk

Me takkar alle born som kjem trufast i speidaren, og alle heimane for deira oppbakking. Me takkar alle leiarar og hjelparar for deira innsats. Me takkar bygdefolket for støtte, økonomisk og ved forbørn. Me takkar kommunen for støtte. Tusen takk til SR-Bank Bokn for sponsring av grautfesten. Stor takk også til prest og kyrkjelyd for god omsorg. Guds rike signing til alle.


Bokn, den 9. januar 2005.



ØVERST: Frå speidarane sin dag den 28. August 2005. Nærmiljøanlegget på Fyren var ein glimrande stad for eit slikt arrangement.

MIDTEN: Frå speidarane sin kanotur på Lutsivatnet i august 2005

NEDERST: Ulve- og meisflokken er på tur til Oksebåsen våren 2005.



Idrettslaget for alle

Kjetil Hamre

For mange er idrettslagets (BIL) identitet knyttet opp til fotballaktiviteter. Bokns aldersbestemte lag har fått sin velfortjente plass i bygdbladet, men laget har flere strenger å spille på.

Her er en liten gjennomgang av BIL's idrettsår 2005 på Bokn.

For de aller minste er det muligheter til å delta på barnetrim.

Den har desverre hatt liten aktivitet om høsten og viser hvor viktig det frivillige arbeidet i en klubb som BIL er. Instruktører, trenere, frivillige på arrangement skal ha sin velfortjente heder for innsatsen i fjor. Nye hender er alltid velkommen i klubben.

Trial gir et tilbud som spenner over en stor aldersgruppe. Store og små barn møter opp på Knarholmen lørdag føremiddag. Her kan det gå fort på ett hjul i svingen og gassen i bånn. Trialgruppa har også fått velfortjent oppmerksomhet i tidligare nummer i BB. Jeg viser til hjemmesida til BB. Her er et arkiv der du finner mye interessant.

Turgruppa har vært mer eller mindre uformell og levd et liv på siden av idrettslaget. Selv om aktiviteten har sunket har nok en og annen sofagrasi fått litt hjelp med fjernkontrollen. Jeg kunne nok hatt hjelp av den selv....

Gledelig nok er det både ungdomslag og voksenlag i volleyball denne vinteren. Hver torsdagkveld blir hendene brukt i gymsalen, men ballen er fortsatt rund.

Vårsprett og bruamarsj har vært gjennomført, men med liten deltakelse.

Arrangement og tilbud kommer dessverre fort i "konkurranse" med hverandre og dette året falt datoene ekstra dumt for BIL. Jeg håper BIL prøver igjen i år, med bedre deltagelse som resultat.

Klubbhuset

Dette har vært i drift en tid nå og har gitt BIL nye muligheter både sportslig og sosialt.

Kiosksalg ved fotballkamper er et lite kommersielt eksempel, men er stas for de små. En kald høstkveld er kaffe til ivrige foreldre ikke å forakte.

Idrettslaget står, sammen med kulturkontoret, for alt praktisk rundt bygdakinoen. Vakthold kiosksalg og rydding blir tatt på dugnaden.

Trimhuset har stepping i første etasje og spinning i kjelleren som faste aktiviteter. Ut over det blir trimrommet i kjelleren flittig brukt (i følge pålitelige kilder...) og er en viktig inntektskilde for laget.

Ikke alt i BIL's regi er like sunt, men er en viktig sosial faktor for mange.

Klubbhuset er møtested for BIL og leies ut til ulike sammenkomster. Et eventuelt bursdagsbarn kan ikke klage på utsikten over sundet selv med tåkesyn i de små timer... Det skal sies at utleietilbuddet er blitt veldig populært.

Utedansen på plattingen er borte, men dans er det fortsatt. Alene eller med Røde Kors sørger de for at den eldre ungdommen får løst opp rustne ledd og taktfoten får trening.



Stepping uten dansesko.

Her brukes ingen DJ.

Nye aktiviteter i laget kommer stadig til mens andre forsvinner.

Bingoen er lagt på is fra BIL si side.

En spillekveld for ungdom er rett rundt hjørnet (startet?). Her er ikke teknologi forbudt, men gir også muligheter for brett og kortspill. Det høres ut som en artig sak. Her er nok trening av øye/hånd reflekser den viktigste sportslige aktiviteten. Jeg vet at det er snakk om å børste støvet av friidrettsgruppa. Dette vil vel følge utbygginga av nærmiljøanlegget i Føresvik. Her er det planlagt løpebane rundt fotballbanen i 2007.

Den raskeste boknaren jeg vet om er Trond Lindanger. Han hevder seg jevnlig på sprintdistansane i NM ennå, men måtte trenre på anlegg utenfor Bokn. Vi får håpe at Kyrre har arva noen av de korte muskelfibrene broren har. Det er viktig at politikonstabel Bastian er i god form!

Du er velkommen i klubben både som aktiv og medarbeider.

Aslaug Karen Syversen er død, 83 år gammel.

Hun ble født og vokste opp i Fiksdal i Romsdal. Foreldrene var Anna og Elias Nakken. Aslaug var den femte i en søskensflokk på ni.

Hun hadde flere huspostjobber. Senere jobbet hun som dyktig syerske i en konfeksjonsbedrift på Gjøvik.

Aslaug var gift med Ragnar Syversen og de fikk ett barn sammen. De bodde på Gjøvik fra 1951 til 1985. Flyttet deretter til Haugesund.

Da Ragnar døde i 1987, flyttet Aslaug til Bokn.

Hun etterlater seg en datter og to barnebarn. Aslaug var svært glad i datteren, svigersønnen og barnebarna.

- familien -



Bokn fotterapi

10 år

Bokn fotterapi er 10 år februar 2006. I den anledning ønskjer eg å takka for stor støtte og velvillighet frå Bokn sanitetsforening, Bokn kommune og alle "mine" trufaste kunder.

Ein takk til alle ansatte ved sjukestova som er så greie å sam-arbeida med. Det har vore 10 flotte år med stor framgang kor kvar dag på arbeid er ei utfordring som eg ser fram til.

Eg vil no prøva noko nytt, med jamne

mellomrom vil eg prøva å skriva litt fagstoff som kan angå dei fleste av oss ein eller anna gong.

Denne gong er det **vorter** det gjeld.

Vorter skuldas eit virus som oftast Human pappiloma virus (HPV). Desse vortene kjem som oftast på hender og føter, men kan også oppetre andre plasser på huda. Dei kan bli ganske store om dei ikkje blir behandla. Vortene i seg sjølv er som oftast ikkje vondé, men dei kan sprekkje og bli såre.

Er det fotvorter kjem dei ofte på trykkpunkt under føtene og då blir dei ømme og vondé. Det kan bli så galt at ein vil gå skeitt på foten, dette er ikkje bra, for ein vil da få ei overbelastning andre stader.

Det er oftast barn som får vorter, dette skuldas at dei er mykje i felles våtrom. Dei er heller ikkje alltid like flinke til å tørke seg godt på føtene etter dusj/bad.

Behandlinga er enkel, men tid-krevjande. Apoteka sel ymse vortemiddel som de kan bruka heime. Ein kan også til ein fotterapeut som frys vorter. Det er viktig at barn og unge får behandling for å bli kvitt vortene sine. Det er ikkje noko kjekt å gå med, verken på hender eller føter.

Har du ein mistanke om vorter er det bare å ta kontakt med meg eller ein annan fotterapeut.

Rita Jensen
Off.godkj. fotterapeut.

Juletrefest og julegudstjeneste

Kari Hetland

Ekornspeiderne, med leder Merete Alvestad i spissen, inviterte til juletrefest på Bedehuset søndag før julehelgen.

Det var god oppslutning. Nesten så god at Leiv Våga, som ledet festen, kanskje trodde det var en idé å spise i to omganger. Leiv sa videre at det var riktig kjekt når det var så mange som var med denne kvelden.

Solveig Våga leste juleevangeliet og Konrad Nilssen tente advents-lysene, mens adventsangen ble sunget. Etterpå var det barnekoret sin tur og så var det gang rundt juletre.

Kaffi, julebrus, rundstykker og kaker stod klart nede etter første økt rundt juletre. Nissefar kom også med stor pute-mage og sekk med mandariner. Dette vakte stor interesse, for hvem var egentlig nissen?

Noen av barna ville følge med når han gikk så de kanskje kunne finne ut av dette..

Det var en livlig gjeng som med barnslig fryd satte juletrefesten i den rette stemningen med spontan glede, som bare barna kan skape, og som hører julen til.

Det ble fullt i kirken på gudstjenesten i Bokn kyrkje på julafoten.

Barn i alle aldre og unge og eldre var samlet til høytidsguds-tjenesten der sokneprest Arne Aurdal snakket om juleevangeliet og om at julen for mange kan være vanskelig.

Han fortalte en historie om uvennskap mellom far og sønn som hadde ført til avstand i nærmere 30 år. Til slutt i historien handlet det om å komme hverandre i møte og gi en ny anledning til å tilgi.

Aurdal formidlet dette på en måte til ettertanke. Skolekorpset spilte fra galleriet og konfirmantene framførte bønn ved alterringen. Christina Bjordal sang to solosanger.

Julegudstjenesten i kirka er noe som skaper stemning og hører med for mange før julefeiringen med familie og venner begynner.

Vi har en fin kirke, en god sokneprest og flere andre aktører som på ulik måter bidrar med å gi tilhørerene en flott julestemning.

Publisert 27.12.05

Titt, titt, her e me så blei født i 2005



Karianne Våga - 09.05

5 mnd. på bildet

Oddny Anette og Erik Våga



Sondre Norekvål - 03.08

6 mnd. på bildet

Malin Taraldlien og Lars Norekvål



Joakim Øvrebø - 01.10

3 mnd. på bildet

Janne Mæland og Hans Rune Øvrebø



Synne Marielle Jøsang - 09.11

2,5 mnd. på bildet

Anne Lisabeth og Jan Kristian Jøsang



Alida Vågen Alvestad - 11.12

40 dagar på bildet

Randi A. Vågen og Svein Ove Alvestad



Markus Foss - 18.12

21 dagar på bildet

Lene Ognøy Jensen og Trond Foss

I tillegg blei Stine Emberland født 21.08
 Her har me dessverre ikkje bilde
 Rubilyn og Bjørn Emberland



Døde 2005



Magnus Alvestad	06.01	27.04
Tordis Ellingsen		03.06
Henry Are		04.06
Peder E. Wåge		27.07
Ingrid Våge		11.08
Louise Svendsen		11.08
Arne Grønnestad		23.08
Marta Sæbø		29.08
Leif Kro		Aslaug Syversen
		06.12

Kulturkalenderen - nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong

- daglege oppdateringar i nettutgåva -

FEBRUAR

- 09. Møte bedehuset 19.30 NMS
- 10. Kino i Auditoriet, sjå nederst på sida**
- 11.-12. Seminar på skulen, Bokn skulekorps
- 12. Årsmøte i Bokn musikkorps kl. 16.00
- 12. Møte bedehuset 19.30 NMS
- 14. Årsmøte i Bokn idrettslag på Idrettshusset kl. 19.00**
- 16. Soknerådsmøte 19.00
- 18. Årsmøte i Bokn Røde Kors**
- 18. Bokn skulekorps på "Higre Brass"
- 19. Gudsteneste 11.00, Bibel 5. klasse
- 19. Ekornspeidaren på Knutekurs i Loden. Oppmøte kl. 15.00 v/huset til Leiv Våga**
- 20. Me les Markus-evangeliet på Bedehuset 19.30
- 21. Speidarbasaren på Bokn bedehus kl. 18.00
- 23. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 24. Bingo på skulen kl. 19.00, arr. Bokn musikkorps
- 25. "SUDDENLY BROKE" spelar opp til dans på skulen**
- 26. Årsmøte bedehuset kl 19.30
- Vewe 9 Vinterferie, Bokn skule

MARS

- 02. Basar i Allrommet kl. 18.00 - arr. Dagsenteret. Alle velkomne!**
- 05. Gudsteneste 19.00
- 06. Me les Markus-evangeliet på Bedehuset 19.30
- 08.-10. Møte bedehuset 19.30 Indre Sjømannsmisjon
- 10. Kino i Auditoriet
- 12. Møte bedehuset 19.30 Indre Sjømannsmisjon
- 15. Årsmøte i Historielaget kl. 19.30**
- 18.-19. Seminar på skulen, Bokn brass
- 19. Ekornspeidaren går til Speidarskogen. Oppmøte kl. 15.00 v/busshytta i Knarholmen**
- 19. Gudsteneste kl. 11.00 Kyrkjekaffi og årsmøte på Bedehuset etterpå**
- 20. Me les Markus-evangeliet på Bedehuset 19.30
- 23. Soknerådsmøte 19.00
- 25. Klubbkveld for ungdom**
- 26. Bingo på skulen kl. 19.00, arr. Bokn musikkorps
- 26. Møte bedehuset 19.30 ABR-senteret
- 28. Møte Bedehuset 19.30 Samemisjonen
- 30. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30

APRIL

- 01. Korps på skulen, arr. Bokn musikkorps

- 02. Gudsteneste kl. 11.00 med dåpsskule/loftefornyelse
- 02. Vårkonsert kl. 16.00 på skulen, arr. Bokn musikkorps
- 03. Me les Markus-evangeliet på Bedehuset 19.30
- 07. Kino i Auditoriet

- Vewe 15 Påskeferie, Bokn skule
- 13. Gudsteneste 11.00
- 13. "Påsken i ord og tonar" m/påskemåltid på Bedehuset kl. 19.00 - arr. Frelsesarméen**
- 16. Gudsteneste 15.00 på Ognøy
- 23. Ekornspeidaren går tur til Grønnestadvågen. Oppmøte kl. 15.00 i tunet til Kjell Blikshavn**
- 23. Gudsteneste 19.00 Samtalegt. Konf. fest etterpå
- 27. Soknerådsmøte 19.00
- 27. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 29. Klubbkveld for ungdom**
- 30. Gudsteneste 11.00 Konfirmasjon

MAI

- 01. Frelsesarméen, fest m/bevertning og utlodning på Bedehuset kl. 19.00**
- 07. Møte bedehuset 19.30 NMS kontaktmøte etterpå
- 11. Klessalg i Allrommet kl. 11.00 - 13.00 - Seniorshop. Ope for alle**
- 12. Kino i Auditoriet
- 17. Gudsteneste 10.30
- 20.-
- 21. Ulve-og meisekrinsleir på Blikshavn, Karmøy
- 21. Gudsteneste 11.00
- 21. Ekornspeidaren til Ognahabn. Oppmøte kl. 15.00 i moloen i Foresvik**
- 27. Klubbkveld for ungdom**
- 28. Møte bedehuset 19.30 NLM
- 31. Soknerådsmøte 19.00

JUNI

- 01. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 04. Gudsteneste 19.00
- 09. Kino i Auditoriet
- 11. Gudsteneste 11.00 i Loten
- 17. Trialløp på Bokn, KM 3**
- 18. Møte bedehuset 19.30 Gideon
- 25. Gudsteneste 11.00

JULI

- 29.-
- 05.08 Speidarlandsleir på Røros



Norgespremiere!

Det blir garantert fullt i Auditoriet då Olsenbanden jr. har norgespremiere.

Bokn har ikkje berre fått fredagen tilbake som kinodag, nå er det også klart for norgespremiere!
Den store hendinga blir markert med ei

overrasking til alle som kjem. Filmen er den tredje i rekka om Olsenbanden jr., nå med nye, unge skodespelarar i hovudrollene.

For å hindra lange køar og kaos utofor Auditoriet i samband med norgespremieren har det vore forhåndssal av billettar i Servicetorget og på Biblioteket. Dette har vore publisert i nettutgåva og på plakatane.

Det er lagt ut 125 stk. for sal, og dersom det er billettar igjen blir desse selde ved inngangen. Ring Service torget, 52 75 25 00 dersom du ikkje har sikra deg billett!

"Olsenbanden jr. pr. rockern" i mars 2004 har pr. i dag rekorden i antal besøkande. Då var det 91 betalande som såg filmen. Me reknar med at det blir ny publikumsrekord denne gong.

Olsenbanden havner i et halsbrekkende kappløp for å redde Cirkus Flamingo, med Biffenbanden, skurkene og politiet i hælene.....

Tid: 1,5 timer



Da David (Mark Ruffalo) leide sin flotte San Francisco-leilighet, var det siste han forventet (eller ville ha) en samboer. Han hadde akkurat klart å gjøre hele stedet til et totalt kaos, da en pen, men kontrollerende, ung kvinne ved navn Elizabeth (Reese Witherspoon) plutselig dukker opp, og insisterer på at leiligheten er hennes.....



Tradisjon med nostalgisk sus

Jardar Havikbotn

Skulen si juleavslutning 2005 var nr. 20.

Det største faste kulturarrangementet på årshjulet i Bokn er så sjølvsagt for over ein tredjedel av bokna-rane at ein nes-ten ikkje legg merke til det. Talet på elevar og føresette som har opplevd hendinga er blitt temmeleg stort etterkvart, og det er morosamt at noko underteikna og Ingjerd Ellingsen m/fleire laga til for nærmare 20 år sidan fortsatt held seg i den same formen.

Når desse arrangementa går av stabelen rundt 20. desember kvart år er Bygdabladet i trykken, og julehøgtid etterpå gjer at det sjeldan har blitt laga reportasjar frå hendingane. Denne gong blir det naturleg med eit tilbakeblikk på fjarårets jubileumsforestilling.

"Adventsensemplet"

Me ville markera juleavslutning nr. 20 med at tidlegare elevar som var tilgjengelege og som hadde vore involverte i "Adventsensemplet" medan dei gjekk her på skulen, tok seg av den faste opninga av festen; å tenna adventslysa og akkompagnera den første allsongen.

Og her er det snakk om tradisjonar. Underteikna sin melodi til Inger Hagerup sine adventsvers blei laga i 1988 og har blitt brukt sidan. Den første og siste allsongen på festen er også faste. Den i midten har blitt skifta ut nokre gonger, men stort sett har også denne vore den same.



Fv. Ingri Are, Fredrik Faye, Anne Tove Øvrebø, Rannveig Øvrebø, Astrid Våga og Daghild Alvestad sikra ein nostalgit festtone.

(Frå generalprøva)



Småskulen sitt opptrinn var som vanleg prega av god forbereding og dyktige elevar.

(Frå generalprøva)

Då det blei klart at Anne Tove Øvrebø (song/triangel), Fredrik Faye (bass), Rannveig Øvrebø (klokkespel), Astrid Våga (tverrfløyte), Ingri Are (deklamasjon/tenning) og Daghild Alvestad (piano) ville vera med og kasta glans over jubiléet, var det heile innovd på nokre samlingar og ein nostalgisk festtone var sikra.

Ein av songane som Anne Tove song i Hanne Krogh sin jule-konsert, "Star", nokre dagar før, blei også øvd inn og framført på slutten av festen.

Kjartan Jensen, som la ned ein kjempeinnsats med lyd og lys - både då han var elev her og då han gjekk på vidaregåande, var også ein sjølvsagt gjest denne gong.

Faste rutiner

Eit svært apparat er i gong før og under juleavslutninga, og alle veit kva dei skal gjera. Det blir laga ting til utlodning, produsert julekaker på kjøkkenet og ikkje minst forbereder kvart team (småskulen, mellomsteget og ungdomsseget) sceneinnslag. Ein svært stor prosent av elevane er på scenen denne kvelden. Det er noko som har bygd seg opp gjennom åra og er ganske unikt for ein barne- og ungdomsskule.

Førebuingane varierer frå år til år og gjenspeglar ofte andre gjeremål og prosjekt. Naturleg nok er det ungdomsskulen som i utgangspunktet har mest vanskar med å setta av tid til dette i læreplanen sin.

Tradisjonelt sett har førebuingane starta for alvor i oktober, men eg har sjølv opplevd at elevar har vore opptekne av juleavslutninga allerede ved semesterstart i august. Ofte er det då spørsmål om sceneinnslag eller om å få vera scenearbeidar.

Nokre likar godt å jobba i kulissane. Scenearbeidarane har ulike oppgåver og er utrøleg viktige for eit godt resultat og fin flyt i sceneprogrammet. Ungdomsskuleelelevane har gjerne desse oppgåvene heilt til dei går ut av skulen, men kvart år blir det sørga for at nye blir opplærte.

Det høyrer også med at to tiandeklassingar er konferansierar for kvelden. Desse gjer alltid ein kjempejobb med å knyta



Populært med linedance frå mellomsteget.....



..... og sjølvlagda dans frå ungdomsskulen. Fv. Janne Elin Vatnaland, Gina Alvestad og Tina B. Høyland.

Under: Mellomsteget med "Tir'na Noir"
(Frå generalprøva)



Staute scenearbeidar klare for jubileumsforestilling:
bak fv. Wolfgang B. Ognøy (lys/lyd), Ivar J. Ognøy,
Vegar K. Øvrebo, Joacim Are, Lars André Hognaland.
Framme fv. Kristoffer Nilssen, Endre Kro, Martin
Trosnavåg og Eirik Nedrebø.



83 år gamle Solveig Ellingsen var på plass på kjøkkenet. Det har ho vore på dei fleste av dei 20 juleavslutningane.

programmet saman og representerer på mange måtar den solide innsatsen elevane legg ned i juleavslutninga.

Gjensyn

Det nostalgitiske jubileumssuset frå adventsstunda heldt seg heilt til slutt. Mellomsteget slo til med "Papa Panovs julekveld" og småskulen "Postmann Pat's jul". Begge desse stykkja har vore oppsett tidlegare.

Juleevangeliet blir alltid framført i ei eller anna form før matøkta. Dette går på rundgang. Denne gong hadde mellomsteget tatt på seg oppgåva. Dei fekk også tid til ein versjon av "Tir'na Noir".

Etter julegrauten, saft, kaffi og kaker - og loddtrekking, er programmet litt meir av det "lette" slaget, dvs. at det då er meir rom for sketsjar, imitasjonar, gjøgling, dansing, osv. Og tradisjonen tru også på juleavslutning nr. 20.



Elevar frå mellomsteget hadde oppvisning i linedance og nokre ungdomsskuleelevar stod for ein sjølvlagda dans. Slike fargerike innslag er alltid populære.

Populært er også lærarinnslaget på slutten av kvelden. Lærarar i andre roller enn lærarrolla er sikker suksess for elevane

I tillegg til at popbandet i ungdomsskulen hadde ein vellukka opptreden hadde 10. klasse ulike innslag med fleire ingredienser, bokstaveleg talt. Til muntre tonar frå 3 Busserulls blei både fjes, scenegolv og ledningar tilgrissa med bløtkake. Men dyktige scenearbeidrarar fixa opp, og festen kom ikkje ut av rytmene pga. dette.

Talent

Desse juleavslutningane har også vore ein arena for oppdaga talent.

Eit høgdepunkt fekk me då Gisela Strand (bildet frå generalprøva) song "Feliz Navidad" ("God jul" på spansk). Det var nok mange som sperra opp både auge og øyre då den spanskfødde ungdomsskuleleven song saman med Celine Dion med fullt trøkk og inn-leving. Ein ting er å kunna fylga Dion på dei høge tonane og synga reint, ein annan ting er å stå heilt åleine på scenen og eksponera seg 100% foran ein smikkfull sal.

Eit kjempetalent var oppdaga!

Jubileumsforestillinga går over i historia som ei av dei aller beste. Me gler oss til desember.

Hyttefelt tar form

Reidar Alvestad



Dei to ferdige hyttene sett frå RV39 nord for Lauplandsvågen.

I feltet sør for Lauplandsvågen er infrastrukturen, med veg, vatn mv. nå på det nærmeste ferdig, med 2 oppreiste hytter.

Området mellom Laupland og RV39 skal romma 26 hytter. Arbeidet med å grava av fleire tomter samt utfylling i sjøen i ei vik ytterst på området for til rette-



Gravemaskin i arbeid med utfylling for naust og brygger. Bildet er tatt frå RV39 nord for bruva over innløpet til Lauplandsvågen.



Slik blir utsikten frå ei av dei flottaste tomtene. Ein vil få fri sikt over heile Boknafjorden. Her ser ein Finnøy t.v. og Rennesøy t.h.

legging for felles naust og brygger er i gong.

Sondera marknaden

Dei to første hyttene som på det nærmeste er ferdige, kjem nå ut på marknaden for salg. Før ein går i gong med vidare oppsetjing av hytter, vil ein sjå kor stor interessa er for dei ferdige hyttene.

Uansett så er mykje av grunnlagsarbeidet for heile feltet nå kome langt. Det vil likevel bli spennande kor stor interessa vil bli. Så rimelege vil nok ikkje hyttene bli. Men tilgang til naust, brygge, sjø og fri natur vil sannsynlegvis vera med på å auka interessa. Utsikta frå ein del av hyttene kan ein heller ikkje klaga på. Mange vil få fri utsikt mot fleire retningar, og nokre vil ha fri sikt over det meste av Boknafjorden med øyane innover Ryfylke.

Spesiell form

Hyttene blir oppførte i funksjonsstil med store vindusflater som opnar for naturen. Dette er kanskje ein litt uvant byggestil for hytter, så det blir spennande å sjå om dette slår an.



Hyttene har store vindusflater i fronten som gir god utsikt.



Utsikt mot nord og aust frå dei to første oppsette hyttene. Boknafjellet i bakgrunnen.

Austre Bokn Bygdelag

Den 10.01.06 var det eit informasjonsmøte på Austre Bokn om etablering av bygdelag (velforening).

Møtet var kome i stand etter initiativ frå Susanne P. Grønestad, Tormod Våga, Finn Kro og Kari Christensen.

- Hensikten med bygdelaget er å arbeide for et trygt og godt bomiljø, og være en kanal i forhold til offentlige myndigheter, fortel Kari til Bygdabladet.

Dei som møtte var positive til initiativet og interesserte i å vera med. Mange hadde forslag til oppgåver bygdelaget kan engasjera seg i.

Interimstyre

Forsamlinga gav dei fire initiativtakarane i oppgåve å vera eit interimstyre inntil det blir halde eit konstituerande møte og valt eit styre i Austre Bokn Bygdelag. Ei gruppe på tre personar skal laga eit forslag til styre for bygdelaget, dei tre er Gry Øvrebo, Dagfinn Engen og Bernhard Våge.

Interimstyret reknar med å invitera alle på Austre

Bokn til eit konstituerande møte i Austre Bokn Bygdelag i mars/april.

Julekryssordet

Det var ingen som sende inn setningen frå bildet på fjorårets julekryssord innan fristen, men eg håpar at mange lesarar hadde det morosamt med kryssordet, som også hadde innslag av lokale ord og uttrykk.

Det er muleg at desse orda var litt for utfordrande, men dei fleste skulle ikkje vera i vegen for desse fem løysningsordna ein kunne senda inn; **God jul til alle lesarar.**

For deg som heldt på med ordspellet og ikkje fekk det heilt til desse lokale innslaga, vil eg råd til at du har kryssordet frå desesomber foran deg når du nå ser løysinga.

Dersom alt går etter planen vil det koma eit nytt kryssord med lokalhistorisk vri til påske.

- redaktøren -



Bygdabladet for 20 år sidan

Frå nr. 1 - 1986

"RAPIDO"

NYTT DANSEBAND I BOKN

"Rapido" er det yngste av to danseband som finnes på Bokn. Det andre kalles "Felix", og er kanskje bedre kjent fra danser, fester og lokalradio.

De er ca. 18 år gamle guttene i "Rapido" er:

Harry, Petter, Nanstein og Vigleik.

Petter og Vigleik går på skole på Karmøy, mens Nanstein og Harry er ute i arbeidslivet i Stavanger og Haugesund.

Alle fire er så godt som født og oppvokst på Bokn, dvs. at Nanstein kom hit som en 3-årig nordlending for en del år siden.

De trives alle her, for Bokn er en god plass å slappe av på i helgene. Vekk fra byens stress. Om de kunne tenke seg å bo på Bokn i framtiden er noe annet. Med bruer ja, men uten bruer blir Bokn egentlig en bakvendt plass å bo. Hus på øya og hybel på fastlandet? Eller pendling med 6-ferja?

Nei takk.

Bruene er viktige synes de, som har lyst å bo på Bokn med en jobb på fastlandet.

Som representanter for Bokn-ungdommen er de fornøyde med det oppussa diskoteket, som det

blei skrevet om i det første bygdebladet. "Gode greier" sier de i kor, "er mye bedre enn før. Nå går det an å sitte der – det er mer stil på det", og de oppfordrer folk til å komme. En av karene foreslår mer "fine damer". Tross diskoteket, kunne de tenke seg en kafe på øya, en koseplass som mangler rett og slett. Kanskje mer idrettsmuligheter hadde hjulpet til også.

For vel ett år siden begynte disse 4 kameratene å lage musikk i lag. I en kryssordbok stusssa de på ordet Rapido, og med det navnet blei bandet døypet.

Det begynte vel med Petter som kjøpte seg saksofon i februar i fjor. Siden har de investert 60 000 kroner i utstyr. Det er minimum for å få brukbar lyd, sier de. Ikke småsaker altså.

Nå over de hver helg. For å gjøre det uforstyrret og uten å forstyrre "låner" de et hus av Alf Alvestad, som før blei uteild i feriene.

Sjøl synes de at de er en "god gjeng", glade i å spille.

Sjøl om spillingen skjer på hobbybasis, hadde det vært moro å ha mer konserter omkring og bli mer kjente.

Nanstein har planer om å lage en single-plate til sommeren, og er villig til å bruke alle sine feriepenger på det.

Om de blir konkurrenter til A-HA får vi se!

A
n
n
o
n
s
e
r

KOMMUNE-PIN

fra Bokn ønskes kjøpt.

**Gunnar Bjørnbekk,
Liavegen 51, 2420 Trysil
gunnar.bjornbekk@c2i.net**

TRIALKJØRING

Knarholmen kvar lørdag
kl 14.00 - 16.00

Alle fra 6 år er velkomne til å prøve.
Foresatte skal også vere med.

Hilsen Pluggen Motorklubb

TIL LEIGE

Lys og fin sokkelleilighet
i Føresvik til leige
fra 1. mars.

**For info kontakt Roger
tlf. 52748611/48128979**

Rygekongens minnedag

Reidar Alvestad

Slaget mellom Olav Haraldsson og Erling Skjalgsson skal etter nyare forskning ha gått føre seg ved Are 21. desember i år 1028.

Det var ei gledeleg overrasking for Bokn mållag at så og seja heile auditoriet på Bokn skule var fullsett om kvelden den 21. desember då Stavanger Operakor og historikarane Birger Lindanger, Tor Erik Hansen og Torgrim Titlestad deltok på ein kulturveld til minne om slaget.



Stavanger Operakor i aksjon.

Kom seint, men godt

Ei stund før kulturvelden skulle starta, kom det melding om at bussen med koret og dei andre frå sør-fylket ikkje hadde fått plass på den ferja dei måtte vera med frå Mortavika for å nå arrangementet, sjølv om dei hadde vore ute i god tid. Så måtte det improviserast litt inntil dei kom, ein god halvtime forseinka. Men den som ventar på noko godt, ventar ikkje fanychtes. Leiaren i Bokn mållag, Venevil Birkelund, kan meir enn å ynskja velkommen, og traktepte pianoet i ventetida.

Så kom bussen, og det var ordføraren sin tur til å ynskja velkommen med ein god presentasjon av kommunen, og spesielt om kommunen si kulturhistorie.

Dette førte oss direkte til tida omkring Erling Skjalgsson og Olav Haraldsson si tid, litt før og etter år 1000.

Stavanger Operakor

Teksten til librettoen "Rygekongen" er skriven av dirigent Randi Wedvich, og er tidlegare framført ved Hafrsfjordspillene og ved ulike andre høve. "Rygekongen" som det vart framført utdrag frå på kulturvelden, er ei reise i song, musikk og tale omkring det som skjedde rundt Erling Skjalgsson og dei han samhandla med. John G. Akerø har laga musikken til "Rygekongen".

Sjølv vart eg imponert over den profesjonelle framføringa av "Rygekongen" både når det gjaldt dei einstilde solistane og koret samla, pluss framføringa av tekstar mellom song og musikk som bandt det heile

saman. Det låg tydelegvis eit stort arbeid av høg kunstnerisk kvalitet bak både song, musikk og tekstar.

Ikkje minst må det vera brukt mykje tid på innøving av det heile. I tillegg var det flott at auditoriet viste seg som eit særskilt velegna lokale kor tekstar, song og musikk kom klart og tydeleg fram til publikum. Også ansvarlege i koret var imponerte over at framføringa fekk slikt "trøkk" og god lyd i auditoriet.

Dramatisk hending

Tor Erik Hansen fortalte om slaget mellom Olav Haraldsson og Erling Skjalgsson som ein nå meiner gjekk føre seg ved Are. Mange har sikkert hørt at Olav Haraldsson brukte knepet med å fira segla på båtane sine då han segla nordover Boknafjorden, for å få Erling Skjalgsson som kom etter han til å tru at Olav hadde stor fart.

Men Olav gøynde seg så bak nokre holmar eller nes ved Are, og slo raskt til mot Erling då han runda



Frå venstre: Birger Lindanger, Tor Erik Hansen og Torgrim Titlestad diskuterar kor Erling Skjalgsson fall i 21. desember 1028.

staden med skipet sitt der Olav venta på han. I og med at Erling kom først fram med sitt eige skip, med 200 mann, og dei andre skipa hans kom seinare, omringa Olav han med sine 3 skip, og alle 200 på Erling sitt skip vart drepne, og til slutt også Erling Skjalgsson.



Pause og matøkt gjorde godt for kropp og sjel. Det låg også til rette for ein god drøs.

Skjalgsson, sjølv om dette ikkje var Olav sin plan.

Tor Erik Hansen sa at den 21. desember 1028 var den tristaste dagen i dette distriktet si historie. Ikkje berre vart Erling Skjalgsson drepen, men også dei 200 andre på skipet hans som etterpå blei frakta tilbake rundt på gardane i Sola-området.

Mat og drikke

Klok av skade frå ein tidlegare kulturveld for eit år sidan, hadde Bokn mållag berekna at det ville koma

omtrent fullsett sal. Difor gjekk matøkta ganske knirkfritt, med nok mat og drikke til alle, utan at det gjekk for lang tid. Men den dryge halvtimen som ein mista i starten, greide ein ikkje å ta inn att, også fordi folk likar å drøsa.

Birger i storform

"Vår eigen" historikar, Birger Lindanger, i høvet kledd i tidsrett kostyme, tok føre seg historia om slaget mellom Olav Haraldsson og Erling Skjalgsson, og la særleg vekt på å få fram kvifor historikarar og andre fagfolk nå meiner at slaget i 1028 må ha foregått ved Are på Bokn, og ikkje ved Sokn i Rennesøy.

Han viste til ulike historiske kjelder, og sa at ekspertar hevda at det måtte ha vore eit langt strekk mellom Olav sine skip og Erling sitt skip som kom etter, for at segltrikset kunne gjennomførast. Det passa godt med avstanden over Boknafjorden. I kjelder er det skrive om Soknafjorden, men ein meiner at dette er ei forveksling mellom S og B i dette ordet, og at det skal vera Boknafjorden. Det er også funne ein stein med runer kor namnet Are kjem fram, og ein dette peikar også i retning av at slaget sto i dette området.

Trekker folk

Bokn mållag er ein liten organisasjon i Bokn sitt kulturliv. Det viser seg likevel at når arrangement har interessante tema, kjem tilhøyrarane, sjølv om det er rett oppunder jul. Det gir inspirasjon i det vidare arbeidet.

Publisert 05.01.06

Nyttårsrakettar forårsaka grasbrannar

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Kaj Arne Christiansen

Det blei ei travel nyttårsfeiring for Bokn brannvesen og andre frivillige.

Som andre stader på Vestlandet laga rakettar på ville vegar brann i knusktørt gras. Tre gonger fekk 110 melding om brann i Bokn.

Det var full fyr på Håland mot Torland.

det heftig på begge sider av E39 der bruia kjem i land på Vestre Bokn. Med mange hus i nærleiken kunne dette blitt ein skikkeleg katastrofe dersom ikkje brannvesenet hadde fått slukt brannen etter 30-45 minuttars kjemping mot flammene.

Imponert

Brannsjef Hans Faye er imponert over den frivillige innsatsen. - I følgje loggen var 20 frivillige i tillegg til 12 brannfolk ute, seier han, som også stiller seg bak forslaget om å innföra felles oppskyting i kommunane.

Han vil retta ein takk til alle frivillige som var med, og ber dei som ev. fekk kleda øydelagde om å ta kontakt.



MED FINDRESSEN UNDER BRANNDRESSEN: Fv. Annstein Vik og Rune Pedersen var blant dei frivillige denne natta. Det var godt med ein røyk i sota fjes etter innsatsen.

Publisert 03.01.06

Kl. 23:48 brann det under overgangsbrua til E39 i Alvestadkroken. Tor Harald Alvestad i brannvesenet fortel til Bygda-bladet at dei då var fire stk. som rykka ut. Då dei kom fram hadde folket på staden klart å slukka flammene, slik at det berre var glør att.

Kl. 00:56 var det fyr på Håland. Folk frå brannvesenet hadde sjølv sett at denne blei tend av to nødrakettar. Flammene for mot Torland og det blei ei stund diskutert om garden måtte evakuerast, men med hjelp av mange frivillige fekk brannvesenet kontroll. 5-10 mål blei svidd av i denne brannen, som var den største. Tor Harald fortel at 26 stk. var med og kjempa mot ilden.

Den mest alvorlege brannen blei meldt **kl. 04:10**. Då brann



OPPTAK FOR BARNEHAGEÅRET 2006/2007

Hei!

Ta ein kikk på bileta frå oss i barnehagen. Her ser du noko av det me har fått vore med på. Alle er me enige i at me får mange spanande opplevingar og gode vener i barnehagen. Det held ikkje berre å tenkje det, du må oppleva det.

Frå august byrjar enkelte av barna på skulen og me håpar då på å få oss nokon nye vene. Hugs at du må senda søknaden før 1. mars 2006

Me går i barnehagen to, tre (deler ein fem-dagars plass) eller fem dagar i veka. Det er ei opptaksnemd som tar opptaket og dei tar omsyn til opptaksreglane som gjeld for oss.

Helsing oss på Bokn Bruse og Småtrollå

Ps: Søknadsskjema får ein ved å ta kontakt med Bokn barnehage, Bokn skule, eller kommunen sitt servicetorg.



Annonser

ÅRSMØTE

Bokn Røde Kors

**Lørdag 18. feb. kl 15.00
på Røde Kors-huset**

Husk å ta med betalt medlemskontigent
Gamle og nye medl.
hjertelig velkomne



10 år

"OPE HUS" PÅ SJØHUSET fredag 10. mars kl. 14.00-15.00

Bokn Bufellesskap (tidlegare Torland Bufellesskap) feirar i år 10 års jubileum.
Vi har no flytta inn i nye og flotte kontor og personallokale.

Vi innbyr difor alle, som ynskjer å sjå lokalene og møte nokre av oss vaksne, til ope hus i Sjøhuset (2. og 3. etasje).
Det vert servert kake og kaffi.

VASKEHJELP SØKES

til utleigehytter i Ørvabøvågen

Deltid, fordelt med tyskkunnskaper.

**Henv. Johannes Handeland
41 12 40 09**

**Søknad sendes:
Johannes Handeland
5574 Skjold**

ROSEMALING

Har mange rosemalte fater og div. for salg.

Ønsker også restaureringsarbeid av rosemaling.

**Kontakt Liv Lie
52 74 85 54**

TIL SALGS

2 stk. ridehjelmer, som nye - str. 59-60
1 stk. sykkelhjelm, blå - str. 58-62
1 hvit vask, ny ubrukt
Prisen blir vi enige om.

**Ring Astrid på tlf.
93 66 18 00**

MØBLES SELGES



Spisebord med 6 stoler, i furu
Salong, 3x2x1 i skinn m/u salongbord

Kontakt Anja C. Alvestad

52 74 81 70

TIL SALGS

Torskeruser
Doble 4 ringer kr. 900
Enkle 4 ringer kr. 500

97 18 31 33

ØNSKES KJØPT

Hjørnesofa (event. bue)
Seng (bredde 1,20 eller 1,50)

**Kristiane
90 67 61 57**

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 150,- pr. m³ fritt utkjørt innmark

Kr. 160,- pr. m³ fritt utkjørt utmark

**Kontakt Morten Ullenes
4150 Rennesøy**

51 72 31 33

900 16 817

LINEDANCE

Vi prøver å få i gang en gruppe med dansing igjen.
Håper at flest mulig som har lyst møter opp.
Blir det lite oppmøte kommer vi ikke til å fortsette utover våren.

Vi møtes annenhver onsdag kl. 20.00 – 21.30 (uke 2, 4, 6 osv.) på klubbhuset.

Det gjør ingenting om du ikke har vært med før, vi repeterer hver gang.

Alle er velkomne.

Marianne og Marita

FRELSESARMÉEN

Vi takker for gaver til juleinnsamlingen i Bokn, formidlet av Lillian og Hans Alvestad.

Vi ønsker alle et godt nytt år!

For Frelsesarméen i Kopervik

**Rolf og Else Karin Stackbom
majorer**

Hjertelig takk for blomsterhilsninger ved Åslaug Karen Syvertsen's bortgang.

En spesiell takk til Bokn sjukestove for god pleie og omsorg for mor.

JEGERPRØVEKURS

Er du førstegangsjeger og interessert i jakt?

Bokn skyttarlag har vært i kontakt med Tysvær Jeger- og fiskeforening som skal avholde Jegerprøvekurs på Aksdal.

**Kursstart blir 23. februar kl. 18 i Sandsgårdrommet (ved brannstasjonen), Tysvær rådhus med 6 samlinger + 1 helg med skytetrening.
Pris kr 1800,-**

For mer informasjon om Jegerprøvekurset ta kontakt med Geir Kallevik i Tysvær Jeger og Fiskeforening tlf. 900 15 774.

www.tysverjff.no/jegerprovekurs.php

LOKALER TIL LEIE



1. etg. i tidligere A-Bokn Handelslag ca. 150 m², (forretning og lager) leies ut helt eller delvis.

**Ta kontakt med Tåganesh eiendom
v/Helge 41 20 80 66 eller Tormod 95 19 07 50
for info.**

Hjarteleg takk til alle som hugga på meg på min 90 års dag.

Helsing Margit

Mandag til torsdag
09.00 - 17.00
Tlf. 52 74 83 16

COOP BOKN

Fredag 09.00 - 18.00
Lørdag 09.00 - 14.00

- Dagligvarer
- Medisinutsalg
- Postfilial

- Bensin–Diesel
- Driftsmidler
- Bank i butikk




coop
marked



HUSK:

- ✓ *Ring SpareBank 1*
- ✓ *Flytt pensjonsforsikringen til Unit Link!!*
- ✓ *Nyt livet!!!*



Flytter du pensjonsforsikringen over til Unit Link, kan du plassere en større andel av pengene i aksjefond. Da økes mulighetene til høyere avkastning. Unit Link er et enkelt og fleksibelt sparealternativ som gir større mulighet for en spennende pensjonisttilværelse. Du oppnår også skattefordeler ved sparing i Unit Link.
Kjøp Unit Link av noen som kjenner deg.

Stik innom SR-Bank Bokn eller
ring oss på telefon 52 74 82 21 - så forteller vi mer!

Surpshorg SpareBank 1

bank · fond · forsikring · eiendomsmegling

Div. tenester på Boknatun

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00
ved fysioterapirommet.
Enkelte laurdagar etter avtale.
Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.
For timebestilling tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28
Direkte nr.: 52 75 25 33
Rita Jensen - fotterapeut

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 - 14.30
Telefontid kl. 8.00 - 15.30
Trygdeetaten i Rogaland har fått
nytt Kundesenter og nytt telefonnr.

815 81 000

Trygdekontoret er stengt
22.02 - 08.03 - 23.03

E-post: rogaland@trygdeetaten.no

Ingunn Sunde - trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Boknatun
kl. 9.00 - 12.00.
Direktenr. 52 75 25 13
Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.
Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset - jordbruksjef

DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Me held til i fellesstova til omsorgsbustadene.
Treng du skyss, blir du henta på døra.
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.
Påmelding på tlf. 52 74 83 09

Julianne Nilssen - aktivitør

Stort forside-
bilde:

Vatnalandsvatnet 1.
Januar 2006

Foto:
Kari Hetland



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli.
Eit abonnement kostar kr. 300,- pr. år, gratis for bortebuande skulelevar og studentar.

BYGDABLADEMND

Svein Ivar Langhelle
Eva Moi
May Jorunn Vatnaland

TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør
Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar@bygdabladet.no
Reidar Alvestad, journalist
Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04
E-post: reidar@bygdabladet.no
Linda Ognøy, medarbeidar
Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82
E-post: linda@bygdabladet.no

ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 620,-
Halvside	kr. 380,-
Kvartside	kr. 190,-
1/8 side	kr. 125,-
Privatann.	kr. 40,-
Fastann.	etter avtale

www.bygdabladet.no

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 - 15.00.

Vi kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspenn, krus
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.
E-post: postmottak@bokn.kommune.no

Gro A. Sørensen
Seksjonssjef servicetorg

I hesteeliten

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Roger Svalsrød, hesteguiden.com

Ognøy Sjefen vann V75-løp på Klosterskogen 7. januar.

Erik Eikje på Ognøy fekk ein svært god start på det nye året då hesten han trenar gjekk heilt til topps i det nasjonale travløpet i Skien den første laurdagen i 2006.

Erik, som legg til at hesten i dag yt respekt i hestemiljøet og at fagfolk ser at han er god.

Dette er sjølv sagt ein fordel for å få dei beste kuskane i landet til å køyra travløpa. Dei kan som regel velga og vraka blant hestane og får 10% av det innkøyrd beløpet. Ognøysjefen fekk kr. 50.000 for

Rune Wiig kører først over mål med Ognøy Sjefen.



Sjølvaste Rune Wiig, trygt plassert i kuskane sin noregselite, kørde Ognøy sjefen inn til siger. I løpsreferatet på rikstoto.no heiter det:

*Sjefen-vallaken løste som et skudd fra start og beholdt enkelt føringen, men han var slått med hode av 10 Stein Vinn tidlig på opplopet da sistnevnte tok noen galoppsteg og dermed automatisk ble disket:
- Jeg følte at vi hadde tapt for Stein Vinn, men det spørsmålet får vi aldri svar på. Ognøy Sjefen er en töffing og ville kjempet helt inn uansett, sa en fornøyd Rune Wiig.*

Erik Eikje-produkt

Erik eig hesten saman med Einar Tore Øvrebø. Vallaken (kastrert hingst) er eit "sjølvlagda produkt", og mora blei kjøpt inn til Ognøy for fem år sidan. Følllet utvikla seg til ein svær hest, og Erik har trent han sidan han var omlag eitt år gammal.
- Eg såg tidlig at han hadde et godt løpshåve, seier

V75-sigeren. Premiane til hestane blir bestemt på førehand.

I elitedivisjonen

Prestasjonen til den lokale hesten heng høgt på nasjonalt nivå. I fjor var det ingen frå Haugalandet som vann eit V75-løp. Ognøy Sjefen er tydelegvis i form, for han vann også eit løp i november og to i desember. I 2005 kørde han inn kr. 100.000. Held han fram slik han har gjort nå blir det nok ny personleg rekord dette året.

- Men nå trenge han ein pause ein god måned. Sånn løp tar på psykisk så nå blir det bare trening, avsluttar ein som trenar hesten sin 1,5 time fem dagar i veka og som sjølv varmar han opp før alle konkurransane han er med i.

Bygdabladet ynskjer lukke til vidare!